



**RADØY KOMMUNE**  
Austebrygd skule og barenhage,  
Slettevegen 870 - 872,  
5939 Sletta  
tlf: 56349145 e-post: austebrygd.skule@radoy.kommune.no

## Informasjon til elevar, føresette og lærarar på 5. -7.årstrinn

### **Elevundersøkinga 2015**

I veke 48 (og eventuelt i veke 49) vil Austebrygd skule gjennomføra Elevundersøkinga 2015 for elevane på 5.-7. årstrinn. Dette er ei årleg undersøking som vert gjort i skuletida, og det er obligatorisk for alle skular å gjennomføra Elevundersøkinga. Det er likevel **frivillig for den enkelte elev** om ho/han vil delta i undersøkinga.

Elevundersøkinga er ein del av det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Lovgrunnlaget for Elevundersøkinga finn ein i Forskrift til Opplæringslova § 2-3, som seier: "*Skoleeigaren skal sørge for at nasjonale undersøkingar om motivasjon, trivsel, mobbing, elevmedverknad, elevdemokrati og det fysiske miljøet blir gjennomførte og følgde opp lokalt*".

Radøy kommune har bestemt at på barnetrinnet skal elevane på 5., 6. og 7.årstinn bli inviterte til å svara på Elevundersøkinga.

***Austebrygd skule håpar at flest mogeleg av elevane på 5.-7.årstrinn vil delta i undersøkinga.***

***Ber om at foreldre og elevar går gjennom vedlagde informasjonsskriv frå Utdanningsdirektoratet i lag, og at de snakkar om elevundersøkinga og deltaking i denne.***

Austebrygd skule, 23.11.15

*Torunn Tolleshaug Hovden*  
rektor

---

**Fint om de som foreldre kan “kvittere ut” når de har lest informasjonen om Elevundersøkinga, og foreldre/elev har snakka saman om innhaldet:**

Dato \_\_\_\_\_ Underskrift føresette \_\_\_\_\_

# Les dette før du svarer på Elevundersøkinga

## Kvifor bør du svare på Elevundersøkinga?

---

Elevundersøkinga gir deg mulighet til å seie kva du meiner om læring og trivsel på skolen. Svara blir brukte av skolen, kommunen og staten for å gjøre skolen du går på, enda betre.

Svara frå Elevundersøkinga kan brukast av forskarar. Vi viser også nokre av svara på nettsida «Skoleporten».

## Korleis blir Elevundersøkinga gjennomført?

---

Det er frivillig for deg å svare på Elevundersøkinga, men vi håper du vil delta slik at skolen kan bli betre.

Du kan hoppe over spørsmål du ikkje ønskjer å svare på.

## Vi tek godt vare på svara dine

---

Når du svarer på spørsmåla i Elevundersøkinga, skriv du ikkje inn namnet ditt. Verken skolen, kommunen eller staten kan sjå kva du har svart. Utdanningsdirektoratet har ansvaret for at svara du gir på Elevundersøkinga, blir lagra og brukte på riktig måte.

## Har du spørsmål?

---

Dersom du har spørsmål om Elevundersøkinga, kan du spørje læraren din eller gå inn på denne nettsida: [www.udir.no/undersokelser](http://www.udir.no/undersokelser).